

Handlingsprogram 2015 – 2018

**AVDELING 27
Gol skule med Herad
Glitrehaug og SFO**

ANSVAR: 3111 - 3112



Gol kommune

Internt notat

Til: Hege Mørk/Rådmannen **Dato:** 28.10.2014
Fra: Ingebjørg By Teigen **Referanse:** 14/01623-30
Kopi: Arne Fredriksen/Økonomiavdelinga

Handlingsprogram 2015-2016 Gol skule

Handlingsprogrammet for Gol skule handlar om Gol skule i perioden 2015 – 2016. Oppgåver som går på vedlikehald av bygg og anlegg vil ikkje bli tatt med i handlingsprogrammet fordi det er naturleg å halde slike oppgåver på eit minimum på skulebygg som snart skal avviklast.

Når det gjeld perioden 2017- 2018 vil dette vera utanfor myndet til rektor ved Gol skule. Gol skule vil då vera nedlagt og ein ny skule etablert. Det blir vist til rapporten *Ny skule i Gol* frå september 2009 for planar om organisering og drift av i den nye skulen.

Kommuneplanen sin tekstdel – lovpålagte tiltak - Gol kommune sine tilbod:

Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling. Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Gol skule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 22.11.11, K-sak 57/

Tenesta i Gol – område og brukarar

Gol skule er frå 01.08.14 ein barneskule frå 1.-7. trinn med 4 avdelingar:

Glitrehaug	1. og 2. trinn	94 elevar
Herad	2.-5. trinn	47 elevar
Storskulen	3.-7.trinn	249 elevar
SFO	1.-7.trinn	67 barn per 20.oktober

Tenesteområda er:

2021	Grunnskuleopplæring	Lovpålagt
2023	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Lovpålagt
2024	Opplæring av framandspråklege	Lovpålagt
2151	Skulefritidstilbod	

Lovpålagt: *Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4.årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.*

2231	Skuleskyss (Transport av elevar frå Herad til SFO på Glitrehaug)
2325	Skulehelseteneste- grunnskule. (Synsundersøking hos optiker) Ikkje heimla i opplæringslova.

Status pr. august 2014

MÅLGRUPPE

Elevtal og fordeling skuleåret 2013 -2014

Årstrinn	Glitrehaug	Herad	Storskulen	SUM
1	45			45
2	36	13		49
3		10	43	53
4		12	57	69
5		12	49	61
6			47	47
7			53	53
SUM	81	47	249	377

Elevtal og fordeling skuleåret 2015-2016 iflg vedtak økonomiplan og K-sak 17/14 (Overføring av elevar frå Herad til Gol skule)

Årstrinn	Glitrehaug	Herad	Storskulen	SUM
1	49			49
2	45			45
3			49	49
4		10	43	53
5		12	57	69
6		12	49	61
7			47	47
SUM	94	34	245	373

Elevtal barnetrinnet i økonomiplanperioden

Årstrinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
1	49	55	40	40
2	45	49	55	40
3	49	45	49	55
4	53	49	45	49
5	69	53	49	45
6	61	69	53	49
7	47	61	69	53
SUM	373	381	360	331

Kva for tilbud blir gitt

Minstetimetall

Utrekna etter lovpålagt krav om timar til undervisning frå 1.-7.trinn
1 lærar per klasse per undervisningstime.

Tilpassa opplæring/ Tidleg innsats

Oppl.l § 1-3 Blir gitt i form av lesekurs eller styrking på grupper utan vedtak om spesialundervisning. Særskilt styrking på 1.-4.trinn i norsk og matematikk.

Spesialundervisning

Skuleåret 2014 -2015

35 elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Tilsvarar 9,2 %
Landsgjennomsnitt 1.-10. trinn 8,3%

Skuleåret 2015-2016

Forventa tal: 36 elevar

Norsk for minoritetsspråklege

Elevtal haust 2014

71 elevar med anna morsmål enn norsk .Utgjer 19%.
54 elevar får særskilt norskopplæring for minoritetsspråklege.
5 av desse kjem rett frå utlandet hausten 2014
Utgjer 14,3 % Kostra: Kommunegruppe 2 : 3,6 %. Heile landet: 7,5%

Skuleåret 2015-2016

Forventa tal : ca 70 elevar med anna morsmål enn norsk

Leksehjelp

SFO

BUDSJETT-REKNESKAP DEI SISTE 3 ÅRA

3112 Herad

	R 2014 pr. 23.10.14	B 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Basistilbod	4 625	5 723	6 226	5 706	5 210
Skoleskyss				16	14

3111 Gol skule

	R 2014 pr. 23.10.14	B 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Basistilbod	17 366	20 648	20 295	21 311	19 171
Norsk for min. språklege	846	986	1 075	1 118	1 009
SFO	677	1 034	677	654	382
Skuleskyss	17	20	21	18	57
Skulehelseteneste	2	-	2	3	2

KOSTNADER TIL TENESTA SAMALIKNA MED ANDRE

Tal for 2013 henta frå Skoleporten

Indikator og nøkkeltall	Gol kommune	Buskerud fylke	Nasjonalt
Driftsutgifter per elev	96772	96540	101938
Lønnsutgifter per elev	82182	75026	80660
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	84	77,7	80,3
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1324	895	893
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1461	1371	1358

Tal henta frå SSB /Kostra

2013	Gol kommune	Kostragruppe 02	Buskerud	Landet utan Oslo	Landet
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,2	11,8	14,1	13,5	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	15,0	11,3	14,0	13,3	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	12,2	11,4	13,4	12,9	13,1

Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	12,5	12,8	14,7	14,3	14,4
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,0	10,1	9,0	8,4	8,3
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	15,9	19,3	18,1	17,8	17,6
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	11,6	3,6	8,2	5,7	7,5

TILSETTE OG OPPGÅVER

Stillingsheimlar

	Haut 2013	Haut 2014	Haut 2015
Gol skule	3868 %	3962 %	4001 %
Herad	851 %	532 %	350 %
SUM	4719 %	4494%	4351 %

Differanse i stillingsheimlar 2013 til 2014 : 245 % stilling

Krav til innsparing jfr. budsjettvedtak: 225% stilling ved samanslåing Gol skule og Herad skule
20 % stilling SFO
245 % innsparing tilsaman.

Stillingsheimlar/timeressurs på Herad er rekna ut med bakgrunn i forbruk av stillingar per årstrinn før samanslåing. Dette er vidareført til inneverande skuleår og er tenkt vidareført til neste skuleår.

Forbruk av stillingar på Gol skule (storskolen og Glitrehaug) har auka fordi det der har vore auke i talet på elevar med spesialpedagogiske behov og tiltak.

Likevel har det vore behov for å tilsette ein mellombels spes.ped.-stilling i 50% i tillegg for å kompensere for ein 100% spes.ped.-stilling som Herad hadde forrige skuleår. Dette også fordi skulen måtte finne rom for ressursar til ein ekstra klasse på 4. trinn. Elevtalet auka fordi elevar som hadde Gol skule som nærskule søkte overflytting til Gol skule. 3-delinga på dette trinnet må fortsette neste skuleår. Midlar til dette blir tatt frå skulens fond.

Det har også vore behov for å tilsetje tilkallingsvikar på skule og SFO for å handtere akutte behov som har dukka opp.

Oppgave/tenesteområde	Tal på tilsette	% stilling
Administrasjon /leiing	4	330 %
Vanleg opplæring	31	2429 %
Spesialundervisning	12	500 %
Tilpassa opplæring /tidleg innsats	3	90 %
Norsk for minoritetsspråklege	5	240 %
Sosialpedagogiske oppgåver	3	50 %
Assistentoppgåver skulen inkl. leksehjelp	11	520 %
SFO	11	335 %

Folkehelseperspektivet:

Gol skule har desse programma som skal bidra til å fremje elevanes fysiske og psykiske helse.

Zippys venner	Oppstart av nytt program for sosial kompetanse og psykisk helse 1.-4.trinn
Fysisk aktivitet- SPORTY	Obligatorisk fysisk aktivitet for 3.-7.trinn
Trivselslederprogrammet (TL)	Organiserte friminuttsaktivitetar leia av elevar. 3.-7.trinn
ART (Aggression replacement training)	Kurs i sosial kompetanse for enkelt-elevar i gruppe.

Kroppsøvfingsfaget

Konkrete vedtak gjennom året:

- UKL-sak 5/14 Endringar i organisasjonen Gol skule frå 01.08.14
- UKL-sak 6/14 Plan for overføring av elevar frå Herad skule til Gol skule frå 01.08.14
- K-sak 7/14 Overføring av elevar frå Herad til Gol skule.
Vedtak
1.Vedtak i kommunestyresak 50/ 13 , pkt k. blir endra slik at klassane som skal overførast frå Herad til Gol skule dei komande to skuleåra blir:

Skuleåret 2014-2015
i. 1.klasse
ii 6.klasse
iii 7. klasse

Skuleåret 2015-2016
i 1.klasse
ii 2.klasse
iii 3. klasse
iv 7. klasse
- K-sak 45/14 Nye Gol skule - Bygging og finansiering

Utfordringar – mål 2015

1. Oppretthalde eit godt skuletilbod på alle 3 avdelingane samtidig som vi førebur avvikling og overgang til ny skule. Særskilt utfordring å oppretthalde eit godt skuletilbod på Herad med 3 årstrinn, 34 elevar, ny inspektør og 3 - 4 lærarar.
2. Organisere og vidareutvikle god spesialundervisning til alle elevar med ulike behov og diagnoser.
3. Tilpassa opplæring: Gi elevar med låg måloppnåing i norsk og matematikk forsterka opplæring i grupper eller i klassen.
4. Gi SFO-tilbod i haustferien, vinterferien og delar av sommarferien, gjerne i samarbeid med Gol barnehage og IFO.

Tiltaksliste – drift – nye tiltak

Budsjettkapittel	Nye tiltak	2015	2016	2017	2018
3111.2021	Vidareføring av spes.ped- stilling Herad 50 %	325	325		

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden

Herad skule hadde skuleåret 2013-2014 ein mellombels 100 % stilling for spesialpedagog. Behovet for denne stillinga har ikkje falt bort sjølv om Herad no er slått saman med Gol skule. Har store vanskar med For å oppfylle dei sakkyndige tilrådingane må skulen vidareføre delar av stillinga (50%) dei 2 komande åra.

Tiltaksliste -investering

Budsjettkapittel	Nye tiltak og endringar	2015	2016	2017	2018
3111.2021	1. IKT	260	260		

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden

Det må skje ei årleg utskifting av IKT maskinvare. For å unngå å få eit etterslep som vi no opplever, må det kvart år kjøpast inn ca 30 nye maskiner. Dette vil vera PC-ar eller hybrid nettbrett /tastatur. Det er då rekna med ei levetid på 3 år per eining og ein dekningsgrad på 1 PC per 3 elevar. Midlar til gradvis utskifting av bærbar PC for lærarar og supplering av utstyr som interaktive tavler er også lagt inn i denne prisen.

Alle Innkjøp vil bli gjort i samarbeid med IKT-avdeling og er tenkt brukt på den nye skulen.

Vedlegg 1: Tjenestekatalog frå haust 2013.

Ingebjørg By Teigen